

Frøyra 4.7.2015

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Kopi til: Bygland Kommune, Kommunehuset, 4745 BYGLAND
Fylkesmannen i Aust-Agder, Postboks 788 Stoa, 4809 ARENDAL

Reg.nr: 7536 Saksnr: 201500861, motsegn på konsesjonssøknad for Melefallet II småkraftverk.

Øyvind Bøe, Dale, 4741 BYGLANDSFJORD

eigar av G.nr: 56 B.nr: 3

Gunstein Vollen, Tingbergveien 3, 4735 EVJE

eigar av G.nr: 49 B.nr: 1 og 2.

Frøyra Gård DA, v/Bernt Terje Høyland, 4463 UALAND

for G.nr: 55 B.nr: 1.


Søkar har søkt om konsesjon for å byggje ut småkraft nederst i vassdraget Meleåni, med ei utbygging på eigen grunn som utnyttar 75 av total 360 meter fall frå vatnet Lisle-Gy ned til Byglandsfjorden. Det er berekna at omsøkt utbygging kan gje 4,02 GWh i årleg produksjon. Det er i søknaden påvist at det er mulig å ta ut opp til 19,53 GWh ved utbygging av heile Meleåni frå Lisle-Gy ned til Byglandsfjorden. Ei total utbygging vil kunne gi ein meir stabil produksjon enn omsøkt utbygging.

Vi meiner at det er mest samfunnsnyttig at heile vassdraget blir bygd ut. 285 meter av fallet i Meleåni ligg på våre eigedomar. Dersom ei total utbygging av heile vassdraget blir vurdert som ikkje lønsam med dagens utbyggingsmetodar og kraftprisar, vil metodar og kraftpris kunne bli endra i framtida. Vi ser at den omsøkte utbygginga blir ei hindring for ei seinare utbygging som også utnyttar fallet på våre eigedomar.


Derfor går vi med dette imot at det blir gjeve konsesjon til Melefallet II. Vidare vart vi skuffa over at att:

1. Vi vart først informert om søknaden, etter at søknaden hadde blitt sendt.
2. Søker har utgreia utbygging av vassdraget Meleåni på våre eigedomar, utan å drøfte dette med oss.
3. Ved konsesjonssøknad for Melefallet I og utbygging i 1997, blei ikke naboene informert om eller involvert i planene.


Vi har nå kome i ein positiv dialog med tiltakshavarane som har søkt om konsesjon på nedre del av Meleåni. Alle 5 grunneigarane i Meleåni er nå samde om at ei må sjå på en total utbygging av vassdraget Melåni. Dersom konsesjonssøknaden blir endra til å omhandle heile vassdraget, er vi positive til ei slik utbygging.



Øyvind Bøe, eigar av G.nr: 56 B.nr: 3



Gunstein Vollen, eigar av G.nr: 49 B.nr: 1 og 2.



Frøyra Gård DA, v/Bernt Terje Høyland, for G.nr: 55 B.nr: 1.